



HJELMLAND KOMMUNE

Budsjett 2025

Handlingsplan 2025- 2028

Til handsaming i formannskapet 19. november 2024

Til handsaming i kommunestyret 12. desember 2024

Vedtatt budsjett og handlingsplan 2025-2028

Innhald

1.Vedtak budsjett	4
2. Bakgrunn og føringar	5
2.1. Kommunedirektørens kommentarer	6
2.2. Økonomiske mål	8
2.2.1. Økonomiske mål for Hjelmeland i perioden 2025-2028.....	9
2.2.2. Gjeld	13
2.2.3. Sal og utleige av kommunale eigedommar	15
2.2.4. Total økonomisk ramme.....	15
2.3 Statsbudsjettet 2025	16
2.3.1. Satsingsområder i statsbudsjettet for kommunar.....	16
2.3.2. Statsbudsjett og tal for Hjelmeland.....	16
3. Mål for drifta	18
3.1. Kommunalt plansystem.....	18
3.2. Hjelmeland kommune, organisasjon	18
3.2.1. Politisk organisasjon	18
3.2.2. Administrativ organisasjonskart	19
3.2.3 Organisasjon	20
3.3. Visjon, mål og prioriteringer	25
3.3.1.Overordna mål i kommuneplanen	25
4. Utvikling demografi, økonomi og rammebetingelser.....	25
4.1. Folketal og demografiutvikling	25
4.2. Utvikling netto driftsresultat.....	28
4.3. Utvikling sentrale inntekter og pensjonskostnader.....	29
4.4 Utvikling lokale inntekter, Eigedomsskatt og konsesjonskraft.....	30
5. Budsjett og rammer for perioden 2025- 2028	31
5.1. Hovudoversikter drift 2024-2027	31
5.2. Bevillingsoversikt drift	32
5.3. Rammer pr ansvar og pr hovudområde. Skjema 1B.....	33
5.3.1 Administrasjon og stabar.....	36
5.3.2 Oppvekst.....	39
5.3.3 Helse og Omsorg.....	47
5.3.4. Samfunn og Næring.....	55

5.3.5.	Den norske kyrkja	59
5.3.6	Skatt, ramme, finans.....	61
5.4.	Oversikt fond	62
6.	Vatn, avlaup og renovasjon IVAR.....	63
6.1.	Kostnader, grunnlag for gebyrer	63
6.2.	VA gebyrer	64
7.	Tiltak som er innarbeida i konsekvensjustert budsjett	65
8.	Kostra.....	66
9.	Investeringar	67
9.1.	Investeringar 2025- 2028	67
	KS vedtak investeringar:	72
	Eigne investeringar redusert med kr 13,5 mill i 2025, auka med 0,5 mill i 2026,	72
	Og auka med 4 mill i 2027. Konsekvensar er innarbeida i driftsresultat.	72
9.2.	Tekst del investeringsprosjekter	73
10.	Forslag til vedtak eigedomskatt.....	77

1.Vedtak budsjett

1 Det kommunale skatteøyet skal vera høgast lovlege sats for alle grupperingar for 2024. Formueskatten vert rekna etter høgaste sats. Naturressursskatt vert rekna etter høgaste sats.

2 Hjelmeland kommunestyre vedtek investeringsbudsjett jfr bevillingsoversyn Investeringar og tabell over investeringar i kommunedirektørens utkast til budsjett, kap 9, pkt 9.1.

3. Hjelmeland kommunestyre vedtek driftsbudsjett for 2025 slik det framgår av kommunedirektørens utkast til budsjett kap 5, pkt 5,1 og 5.2 Hovudoversikt og Bevillingsoversikt og pkt 5.3 Rammer pr ansvar, skjema 1B.

4 Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele netto budsjettrammer som oppsatt i 1B

5 Nettorammene er bindande for kommunedirektørens disponering av budsjett

6 Vedtak for utskriving eigedomsskatt, se kap 10

7. Låneopptak for 2025 er berekna til

- Investering kr 102 mill
- Husbanken kr 5 mill

2. Bakgrunn og føringar

Kommunelova § 14, pkt 1-5 fortel kva ei økonomiplan og eit årsbudsjett i ein kommune skal innehalda.

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivarettatt over tid

Kommunar skal utarbeide samordnande og realistiske planer for verksemda og økonomi og for lokalsamfunnets utvikling. Kommunar skal forvalta finansielle midlar og gjeld på en måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktingar blir innfridd ved forfall.

Kommunestyret skal vedta:

- Økonomiplanen og årsbudsjettet
- Finansielle måltall for utviklingen av kommunens økonomi
- Økonomireglement
- Finansreglement

Økonomi/- handlingsplanen skal vise kommunens prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplan og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens økonomi, utviklingen i gjeld og andre vesentlige forpliktelser. Det skal også angis hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret

Økonomiplanen skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige

Bakgrunn og grunnlag for arbeidet med budsjett 2025 er vedteke budsjett for 2024 med konsekvensjusteringar og vedtekne budsjettendringar i 2024, vedteken økonomiplan 2024 - 2027 og kommuneopplegget i statsbudsjett for 2025. Formannskapet har gitt føringar på at utkast til budsjett skal baserast på rammebudsjettering for dei ulike tenesteområda.

2.1. Kommunedirektørens kommentarer

Eit budsjett for strammarar tider

Hjelmeland kommune har ein godt driven organisasjon med engasjerte medarbeidarar og leiarar som sørgjer for eit godt tenestetilbod. Kommunen har store og rike naturområde, sterke private bedrifter og gode moglegheiter for ei aktiv fritid.

Økonomien har vore god over fleire år, takka vera gode kraftinntekter. Det høge investeringsnivået til kommunen gjer at utgiftene til renter og avdrag veks og legg større press på drifta. Sterkare statleg styring avgrensar handlingsrommet. Det økonomiske handlingsrommet må i større grad skapast ved omprioritering av ressursane til kommunen og omstilling i tenesteproduksjonen. Omstillingsarbeidet skal sikra at me har økonomisk handlingsrom for å gi gode tenester også i framtida. Det har vore auke i utgifter til sosialhjelp og ressurskrevjande brukarar dei siste åra og denne trenden ser ikkje ut til å snu.

Kommune-Noreg står overfor store utfordringar. Auka renter, inflasjon, lågare inntekter, ei aldrande befolkning og forventta vekst i talet på menneske med demens, legg press på kommunebudsjetta. Det blir lågare del yrkesaktive per pensjonist, og det er utfordringar med å få tak i tilstrekkeleg personell. Denne personellutfordringa kan bli prekær dei neste åra. I tillegg må me jobba med å førebyggja at sosial forskjell og utanforskap aukar, og me må handtera konsekvensane av klimaendringane.

Gode grunntenester, tidleg innsats og målretta tiltak er nødvendig. Når det gjeld endring i befolkningssamansetning, må ressursar omfordelas og fleire må bu heime lengre. Innbyggjarar må ta ansvar for å leggja til rette for eigen alderdom, og samhandling med pårørande og frivillig sektor vil bli endå viktigare i åra som kjem.

Omstillingsarbeidet må halda fram og intensiverast. Me må finna betre og meir effektive måtar å løysa oppgåvene på, og me må heile tida vurdera om ei teneste kan leverast med eit lågare nivå som er "godt nok".

Behov for å enda kurs

Hjelmeland kommune står overfor betydelege demografiske endringar. Kostnadsnivået på våre tenester er høgt, sett i forhold til samanliknbare kommunar og fordelinga i inntektssystemet. Det er både sjølve tenesteleveransen, tenestestruktur og kostnader knytt til investeringar – avdrag og renter på lån som dreg nivået opp. Kommunen brukar i tillegg for stor del av inntekter frå

kraftsektoren for å saldera drifta, dette er ikkje berekraftig og gjer oss sårbare overfor svingingar i kraftprisen.

Befolkningstal og framskrivinga antyd at behovet for tenester til barn og unge totalt sett vil søkka stort den neste 10-års perioden. Hjelmeland kommune har i dag i snitt 30 barn og unge pr alderstrinn frå 1-15 år. Desse fordeler seg på 3 barneskular og 4 barnehagar. Tal frå KOSTRA og tal frå inntektssystemet viser at kostnadene til tenestetilbodet både i barnehage og skule er høge. Kommunedirektøren vil derfor leggja fram ei sak om struktur i oppvekstsektoren i løpet av 2025.

Samtidig som talet barn og unge søkk vil talet på eldre over 75 år auka. Det betyr at utgiftene retta mot den eldste aldersgruppa vil auka i åra framover. Hjelmeland kommune har høgt tenestenivå også her og utgiftene er høgare enn samanliknbare kommunar.

Hjelmeland kommune må derfor både leggja til rette for vekst i behov for tenester, tilpassa kostnadane og «gi rett til teneste til rett tid», og med rett kompetanse. Hjelmeland kommune har eit mål om å ha eit tenestenivå og ein organisasjon som gjer oss i stand til å møte framtida på ein god og planlagt måte. Kommunedirektøren vil koma tilbake til Kommunestyret med ei sak om organisering innan helse og omsorgstenestene for å kunna møte behovet framover, her under tal på einingar som driv med tenester døgnet rundt.

Hjelmeland Naturlegvis

Hjelmeland kommune har dei seinaste åra hatt folketalsvekst hovudsakeleg knytt til innanlands flytting og flyktningar. Kommunen har eit variert arbeids- og næringsliv. Det har i det siste året vore satsa på å utvikla sentrumsområdet i Hjelmeland i tråd med vedteken plan og det arbeidast aktivt med å auka tal bustader i sentrumsområda og å auka attraktiviteten.

Kommunen har inngått utbyggingsavtale med Årdal Brygge, me har kjøpt ut 17 tomter på Eikehaugen på Fister og me er i gang med bygging av LH1 i Hjelmeland sentrum. Det er grunn til å seia at det er tilstrekkeleg talet på bustader både brukte og nye som er tilgjengelege i kommunen.

Hjelmeland kommune har saman med lokale produsentar delteke på Gladmat festivalen for tredje gong og også i 2024 markerte kommunen seg ved å vinna pris. Denne deltakinga har saman med aktivitetar lokalt som middag i Spinneriet med Arne Brimi, sommar marknadsdagar, kafé i Spinneriet og konsert i Vågen bidrege i auka marknadsføring og merksemd og fleire besøkjande. Denne satsinga bør halda fram, men me bør sjå om det er andre måtar å organisera arbeidet på for at ein ikkje blir for avhengig av enkelte tilsette i kommunen for gjennomføring.

Investeringar

I forslaget til økonomiplan er det lagt opp til eit høgt investeringsnivå. Dei største investeringane er bundne opp i ny ungdomsskule og industrikai i Årdal. Nødvendige investeringar til bygg og anlegg på eigne bygg ligg på eit noko lågare nivå enn tidlegare. Høg eigenkapital, omstilling i drifta og høg avdragsbetaling frå 2025 til 2028 gir grunnlag for eit høgare investeringsnivå enn normalt forsvareg.

Kommunedirektøren vil presisera at dette investeringsnivået berre er forsvarleg dersom ein gjennomfører omlegging av drift og høg eigenbetaling/lågare låneopptak dei neste åra.

2.2. Økonomiske mål

Me har vald å fortsetja med KØB modellen:

Dei økonomiske måltala vil også i denne budsjett- og handlingsplanen vera basert på ein modell som er eit samarbeidsprosjekt mellom Nord Universitet, Statsforvalteren i Nordland og Rana kommune. Magne Arild Damsgård har utvikla modellen og eiger rettighetane. Modellen heiter «Kommunal Økonomisk Bærekraft» KØB og byggjer på samanhengen mellom Netto driftsresultat, Gjeldsgrad og Disposisjonsfond i % av inntekter

KØB-perspektivet:

NDR:

- Risiko for uforutsette hendelser – tilsier at man bygger inn en sikkerhet for det uforutsette
- Slipper å redusere driften, nå evt hendelser oppstår (akutt)
- I KØB-sammenheng: [NDR kan sees på som økonomisk bærekraft over 1 år \(årsbudsjett-perioden\)](#)


Disposisjonsfond:

- Disposisjonsfondet er midler som er satt av til reserve – for ikke planlagte utfordringer (slipper å foreta større endringer i drift).
- Gjør det mulig for kommunen å bruke tid på endringene i driften
- I KØB-sammenheng: [Disposisjonsfondet kan sees på som økonomisk bærekraft over 4 år \(økonomiplan-perioden\)](#)

Gjeldsgrad:

- Har kommune mye gjeld (høy gjeldsgrad), vil den ha tilsvarende høye driftsutgifter (renter og avdrag)
- Økt gjeld reduserer kommunens handlingsrom (drift)
- I KØB-sammenheng: [Gjeldsgraden kan sees på som økonomisk bærekraft over 20-40 år fremover](#)

Modellen set tilrådde mål



Netto driftsresultat 2% (% av driftsinntekter)
 Netto gjeldsgrad 75% (% av driftsinntekter)
 Disposisjonsfond 8 % (% av driftsinntekter)

Det er arealet i trekanten som gir eit bilete av det økonomiske handlingsrommet og utfordringane som oppstår når gjelda aukar og likviditeten minkar.

RIKSREVISJONEN:

«Det er sammenhengen av store lån, lavt disposisjonsfond og lavt driftsresultat som gir utfordringer.»

2.2.1. Økonomiske mål for Hjelmeland i perioden 2025-2028


Modellen synliggjør godt de økonomiske utfordringene i Hjelmeland kommune dei neste åra. Dei store investeringane er ny ungdomskule og ein ny industrikai.

Måltala som blir brukt i modellen er ei generell tilråding. Tatt i betraktning dei inntektene som Hjelmeland kommune har i høve til konsesjonskraft og havbruk så bør Hjelmeland kommune ha eit mål om at disposisjonsfondet skal være 15% av driftsinntektene.

I budsjett- og handlingsplan blei desse måltala vedteke for Hjelmeland kommune, me vidarefører dei:

Netto driftsresultat minimum 2% av driftsinntektene
Netto gjeldsgrad 75%, = lånegjeld i % av driftsinntekter
Disposisjonsfond 15 %, =beholdning fond i % av driftsinntekter

Me har førebels benytta dei tilrådde måltala for berekraft og har sett inn Hjelmeland sine tal frå rekneskapen 2023. Dette synar det økonomiske biletet pr 01.01.2024 og dette blir referansen opp mot endringar i perioden.



Netto driftsresultat kr 34.6 mill, tilsvarar 7,8% av driftsinntektene.

Disposisjonsfond 29%, Gjeldsgrad 63%

Hjelmeland har pr. dags dato god margin for ein berekraftig økonomi. Eit relativt godt fundament som skal kunne bera prioriterte satsingar i nokon år. I neste periode kan ein ikkje rekna me at prisane på sal av konsesjonskraft held seg på same nivå. Med ein lågare salspris på konsesjonskraft får me store utfordringar. Hjelmeland brukar i dag 100% av overskot på sal av konsesjonskraft til å saldera eit dyrt driftsnivå. Med fallande kraftprisar vil inntekta frå 2025- 2028 falla med om lag kr 30 mill. Det er om lag same beløp som estimert nedtrekk/omstilling i 2027/2028. Dette syner at Hjelmeland kommune er sårbare for svingingar i kraftmarknaden.

I tillegg syner utviklinga i demografien at me blir færre unge og færre vaksne i arbeidsfør alder. Skatteinntektene kjem frå gruppa vaksne i arbeidsfør alder.

Disposisjonsfond blir ofte omtala som bufferen som kan nyttast for å dekke opp for eventuelle underskot. Det er vedteke at mindreforbruk dei kommande åra skal nyttast til meir eigenkapital til investeringar for å redusera låneopptak. Då er det ikkje rom for at kommunen nyttar disposisjonsfond til å dekke opp for et høgt og kostbart driftsnivå som utløysar underskot samstundes som me er i gong med store investeringar. Midlar på fond kan berre nyttast ein gong.

For å oppretthalde økonomisk handlefridom i perioden og utover (det blir uansett bruk av eigenkapital, høge avdrag på lån og høge rentekostnader i mange år) så er det lagt inn tiltak for omstilling i drifta.

Naudsynt omstilling blei i førre handlingsplan 2025- 2028 sett til

Kr -3 300 000 i 2025

Kr -24 500 000 i 2026

Kr -31 000 000 i 2027

Kr -34 000 000 i 2028

Dette synar ei omstilling kor me etter 4 år skal ha landa på ei drift som er 34 mill. lågare enn i 2024, den største utfordringa kjem i 2026 med eit nedtrekk til omstilling på 21 mill. (3,5 mill. er allereie tatt ut i 2025). Tala er oppgitt i 2024 kroner.

Dette er ei auke frå førre budsjett, det har å gjera med at driftskostnadane har auka meir enn antatt i 2024. Me har nokon større investeringsprosjekt som har vorte dyrare enn fysiske estimat, dette påverkar også drifta.

I 2028 er må Hjelmeland ha landa på ei berekraftig og framtidsretta drift.

Omstillinga er nå lagt på sektorar allereie i budsjettet for perioden 2025-2028. Gjer me ikkje det så tolkar departementet at me budsjetterer med eit underskot. Konsekvensen er at me då havnar på Robæk.

Det er såpass høge beløp at det tvinger fram ein diskusjon om struktur, organisering og tenestenivå på fleire områder.

Hovudtal med omstilling


	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
SUM DRIFTSINNTEKTER	-444 193	-458 187	-482 681	-451 981	-445 231	-442 231
SUM DRIFTSUTGIFTER	423 363	433 892	466 458	439 370	423 020	418 020
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-20 830	-24 294	-16 223	-12 611	-22 211	-24 211
NETTO DRIFTSRESULTAT	-34 602	-22 095	-12 023	-312	-4 312	-6 312

Merk at i denne oversikta er negative tal positive, og omvendt

KØB modellen med og utan tiltak for omstilling i drifta:


Bilete for 2025: me vil få gode driftsinntekter frå sal av konsesjonskraft, dette påverkar % berekningane positivt for kommande år. Men biletet endrar seg mykje frå 2026-2027.

Dersom me kjem i gong med omstilling og klarar å henta inn nedtrekket i beløp vil det sjå slik ut for 2027:



I dette biletet har Hjelmeland kommune landa på ei omstilling som hentar tilbake handlingsrommet, det er framleis midlar på fond og netto driftsresultat er i pluss.

Biletet for 2027 dersom me ikkje foretek oss noko og fortset med same drifta som no



Handlingsrommet er svekka og ligg langt utanfor berekraftig nivå, disposisjonsfondet vil i dette scenarioet vera brukt opp til å saldera for underskot i 2026 og 2027.

I dette scenarioet vil kommunen vera på veg mot Robæk.

Det er vedteke at eventuelle overskot i årsrekneskapa dei neste åra skal nyttast til eigenkapital i investeringar og redusera låneopptak, dette gjer positive konsekvensar og vil gje lågare gjeldsgrad raskare enn forutsett. Dette kan gje meir handle- og berekraft, men kan ikkje forskotterast. Dette vil vera eit vedtak i årsrekneskapa framover.

2.2.2. Gjeld

Utvikling lånegjeld, tal i millionar Det er lagt til grunn låneopptak til investeringar frå 2024 på: kr 100 000 000 i 2024, allereie teke opp

kr 102 000 000 i 2025, redusert til kr 92 000 000 i 2025

kr 61 000 000 i 2026

kr 16 000 000 i 2027

kr 32 000 000 i 2028

Kun vedtatt endring i låneopptak i 2025, lønsekvenser er tatt med i obligatoriske tabeller

Dette inkluderer alle investeringar, me tek opp eit lån til investeringar og har ein felles finansiering for alle lån.

I 2024 nytta me mindreforbruket i 2023 til å redusera låneopptaket med kr 13 mill. I tillegg er det i 2024 budsjettert med eigenkapital på kr 30 mill, (kr 20 mill frå disposisjonsfondet og kr 10 mill frå kraftfondet).

I 2025 er det føreslege å nytta kr 40 mill i eigenkapital frå driftsfond og kr 10 mill frå kraftfondet.

I 2026 er det føreslege kr 20 mill i eigenkapital frå driftsfondet.


Då har med totalt budsjettert kr 80 mill i eigenkapital frå disposisjonsfondet og kr 20 mill frå kraftfondet. Me ynskjer ikkje å nytta meir av fonda inntil me får eit bilete av resultater frå omstillinga.

I perioden 2024- 2028 tek me opp kr 311 millionar i investeringslån, det utgjer 68,5% av gjennomsnittleg totalramme for Hjelmeland kommune.

Me har føreslege å utsetja eller sletta fleire investeringar for å unngå større låneopptak.

Nye lån	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Nye låneopptak investering	25 000	48 000	-	100 000	102 000	61 000	16 000	32 000
Nye låneopptak, startlån	5 000	7 000	5 000	10 000	5 000	5 000	5 000	5 000
§5-7 oversikt over gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser								
Langsiktig gjeld	R	R	R	B	B	B	B	
	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Lån pr 31.12	329 375	361 803	344 606	429 606	504 906	533 906	516 906	515 906

Gjeldsgrad	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	År 2028
Brutto	91	91	78	94	105	118	116	116
Korrigert for husbanken	79	79	66	81	92	104	101	100
Korrigert for rentebærende eiendeler (Lyse, IVAR)	75	76	63	78	89	101	98	97
Mål	80	80	80	75	75	75	75	75



2.2.3. Sal og utleige av kommunale eiendommar

	Hjelmeland Kommune	Hjelmeland Bustadstifting	Privat fremleie bustader	Total
Utleigebustadar	42	8	10	
Omsorgsbustader	26			
	68	8	10	86

Mål sett i forrige budsjett: 5-7sal av kommunale bustader i perioden.

Salspris : Marknadspris (anslag 1.800.000,- 2.800.000,-) = 10mill kroner i perioden.

Sal av kommunale bustader i perioden 2025-2028: hittil har salet gått tregare enn målet og me har budsjettert mindre sal enn måltala for 2025-2028. Me vil følgja med på utviklinga komma tilbake til dette våren 2025.

Når det gjeld utleigebustader så ynskjer me å innføra gjengs leie i løpet av 2025, det er fleire år sidan sist. Husleigelova regulerer ei slik endring, og dette vi ta nokre månader.

2.2.4. Total økonomisk ramme

Tal i tusen

Total ramme (sum driftsinntekter) for 2025-2028:

2025: NOK 482 681

2026: NOK 451 981

2027: NOK 445 231

2028: NOK 442 231

Som påpeika tidlegare så er det ei særskild utfordring med reduserte inntekter frå 2025 til 2026.

2.3 Statsbudsjettet 2025

2.3.1. Satsingsområder i statsbudsjettet for kommunar

Generelt om kommuneopplegget i 2025

Regjeringen legg opp til at kommunesektoren i 2025 får ei vekst i frie inntekter på om lag kr 6,8 mrd. noe som tilsvarer en realvekst på om lag 1,3 prosent. Veksten er 0,4 mrd. kr høyere enn det som ble varslet i kommuneproposisjonen i mai, da veksten ble anslått til 6,4 mrd. kr. Samtidig er anslaget for merkostnader til pensjon om lag 0,7 mrd. kr lavere. Til sammen gir dette kommunesektoren et handlingsrom som er 1,1 mrd. kr høyere enn det som ble lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Av veksten på 6,8 mrd. kr får kommunene en vekst i frie inntekter på om lag 5,15 mrd. kr. Innenfor veksten til kommunene begrunnes følgende med:

- 1,7 mrd. kr - nytt inntektssystem
- 250 mill. kr - bemanning i barnehager
- 150 mill. kr - psykisk helse (nytt etter kommuneproposisjon)

Regjeringens forslag vil altså øke kommunesektorens handlingsrom med 1,2 mrd. kr i 2025 når det er tatt hensyn til merutgifter til demografi og pensjon, samt satsinger innenfor veksten og nytt inntektssystem som gir kommunene en økt inntekt på 1,7 mrd. kr.

Kommunenes handlingsrom vil med regjeringens forslag øke med 1,0 mrd. kr i 2025.

2.3.2. Statsbudsjett og tal for Hjelmeland

Frie inntekter- Hjelmeland og landet for øvrig

Hjelmeland ligg over gjennomsnittleg vekst i frie inntekter i 2025

Anslag frie inntekter	244 702 866 kr
Anslag frie inntekter for Hjelmeland kommune er 244 702 866 kroner .	
Dette anslaget på frie inntekter innebærer en nominell vekst for Hjelmeland kommune fra 2024 til 2025 på 6,2 prosent. I samme periode er anslått landsgjennomsnittlig vekst på 5,8 prosent.	
Veksten i frie inntekter er regnet fra anslag på regnskap for 2024 i statsbudsjettet 2025.	
Siden vi ikke kjenner de endelige skatteinntektene for 2025 før i januar 2026, er det gjort et anslag på hvor store skatteinntektene for 2025 vil være. Det presiseres derfor at det angitte nivået på frie inntekter er et anslag.	

Frie inntekter er rammetilskot og skatteinntekter.

Rammetilskot

Rammetilskotet bereknast ut frå innbyggjarar pr 1.juli føregåande år og blant anna vekting av aldersgrupper. Vekting av innbyggjarar 0-18 år er høgare enn innbyggjarar 67+ når utgiftsbehovet bereknast, dermed vil vi få lågare rammetilskot når tal 0-18 går ned og tal 67+ aukar.

Andre grupper er og vekta og i sum kjem det ut ein faktor på kostnadsnivå, dette blir vist igjen i oversikta over utvikling demografikostnader.

Skatt på inntekt og formue avheng av tal skattebetalarar, inntektsnivå på desse og skatteøre (11,15 i 2023,10,95 i 2024, 12,75 i 2025). Skatteøre seier kor mykje kommunen får pr krone, resten tilfall staten.

Uttrekk frå KS sin prognosemodell.

HJELMELAND						
2025-prisnivå for årene 2025-2028			PROGNOSE			
1000 kr	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	72 719	78 607	83 898	83 899	83 904	83 910
Utgiftsutjevningen	30 458	30 502	40 975	40 975	40 976	40 977
Saker særskilt ford (inkl. trekk konsesjonskraft, per grunnskole, helsestasjon skolehelse, barnevernsreform, bortfall eiendomsskatt og arbavg)	2 613	3 039	1 709	1 709	1 709	1 709
Småkommunetillegg	6 257	6 526	-	-	-	-
Sør-Norge tilskudd (kommuner med over 3 200 innb)	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	-	-	-	247	-	-
Ordinært skjønn	1 500	1 600	1 600	-	-	-
Ekstra skjønn fra KDD - ressurskrevende tjenester						
Stortinget saldering budsjett 2024		529				
RNB 2018 - 2024 (utenom koronapandemi) m.v.	1 267	-89				
Sum rammetilsk uten inntektsutj og ekstra skjønn statsforvalter (se linje 47 og 50 nedenfor)	114 814	120 714	128 182	126 830	126 589	126 596
Netto inntektsutjevning	-8 941	-8 280	-11 489	-14 753	-14 753	-14 753
Sum rammetilskudd før ekstra skjønn fra statsforvalteren	105 873	112 434	116 693	112 077	111 836	111 843

Det er eit lita avvik på estimatet frå KS og frå regjeringa på sum frie inntekter, men avviket er marginalt.


Skatteøre			
	2024	2025	Endring %
	10,95	12,75	1,8

3. Mål for drifta

3.1. Kommunalt plansystem

3.2. Hjelmeland kommune, organisasjon

3.2.1. Politisk organisasjon



3.2.2. Administrativ organisasjonskart



3.2.3 Organisasjon

Hjelmeland kommune har om lag 321 tilsette som utgjør 256 årsverk. Hjelmeland kommune har eit mål at tal tilsette skal speglast i høve tal innbyggjarar det er i kommunen. Tal tilsette skal utgjera om lag 10% av tal innbyggjarar. Me er avhengig av digitalisering, effektivisering og omstrukturering av våre tenester om me skal klara å oppnå målet, dette vil krevje investeringar i ny teknologi, kompetanse og ressursar.

Rekrutteringsutfordringar i kommunal sektor er eit aktuelt og viktig tema for mange kommunar og fylkeskommunar i Noreg. Det er særleg utfordrande å rekruttera medarbeidarar med høg utdanning, som lækjar, psykologar, sjukepleiarar, ingeniørar, IKT-utdanna og økonomar. Dette kan ha konsekvensar for kvaliteten og omfanget av dei velferdstenestene som kommunane tilbyr innbyggjarane.

Nokre av årsakene til rekrutteringsutfordringane kan vera:

- Det er stor konkurranse om kompetent arbeidskraft i arbeidsmarknaden.
- Det er aukande behov for ulike former for kompetanse på grunn av store omstillingar i kommunesektoren, som digitalisering, innovasjon og samanslåingsprosessar.
- Det er ei demografisk utvikling som fører til vekst i pleietrengande eldre og redusert tilgang på arbeidskraft.

Nokre av tiltaka som kan bidra til å løysa rekrutteringsutfordringane er:

- Å stå fram som ein attraktiv arbeidsgivar som tilbyr gode arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og meningsfulle oppgåver.
- Å jobba systematisk og planmessig med rekrutteringsarbeidet, mellom anna ved å bruka ulike kanalar for å nå ut til moglege søkjarar, involvera tilsetja som ambassadørar og følgja opp nytilsette.
- Å samarbeida med andre aktørar, som utdanningsinstitusjonar, næringsliv og frivillige organisasjonar, for å auka innovasjonskapasiteten, henta idear og løysingar og skapte gode læringsmiljø.

Tilsette fordelt på kvinner og menn:

249 kvinner som utgjør 216 årsverk og 72 menn som utgjør 40,1 årsverk

Kjønnsfordelt pr kommunalsjef områda er som følgjande


Avdelingar	Kvinner Tal	Kvinner årsverk	Menn Tal	Menn årsverk
Kommunedirektør og staber	13	12,2	6	5,0
Oppvekst og flyktning	112	100,3	16	13,1
Helse og omsorg	98	80,4	9	7,9
Samfunn og næring	28	23,8	14	12,3
Brann og redning inkl feier	3	0,05	33	1,7
Totalt	321	256,9	72	40,1

Stabar inkluderer: Kommunedirektør, Økonomi, RITS, Prosjekt og digitalisering, Løn og


personal og Overordna beredskap
Operativ avdeling innan Brann og redning ligg for seg sjølve

Samfunn og Næring inkluderar: Plan og forvaltning, Kultur, Kundesenter, Bygg og anlegg, Reinhold

Kjønnsfordeling og alder



Total stillingsstørrelse fordelt på kjønn



Hjelmeland kommune har i 2024 (hittil i år) tilsett 12 og det er 24 som har sluttet. Dette gir oss turnover på 7,5% mot 8% i 2023.

Heiltid deltid

Vi ser at ein heiltidskultur er avgjerande for å:

- Sikra kvalitet i tenestane
- Fremja kommunen som ein attraktiv arbeidsgjevar også i framtida


- Utnytta ubenytt, kompetent arbeidskraftpotensial
- Fremja eit godt og lærande arbeidsmiljø, som frigjer tid til leiing

Deltidsarbeid over tid gjer den einskilde arbeidstakar både mindre inntekts- og kompetanseutvikling og framtidige pensjonsrettar. Ein sektor med heiltidskultur vil styrka kvinners tilknytting til arbeidslivet, og blir i tillegg meir attraktivt for menn.

For brukarar av tenestene er det viktig at kommunesektoren blir organisert med heile stillingar. Brukarane vil då oppleve større forutsigbarhet og tryggleik i kvardagen. Dei får færre tilsette å forhalde seg til, og møter tilsette som kjenner dei og deira situasjon godt. Meir heiltid frigjer tid til brukarretta arbeid. Det sikrar større kontinuitet for brukar og tilsett, og gir færre rapporteringspunkt.

Heiltid vil og gje kommunen betre økonomi i form av mindre sjukefråvær og mindre vikarbruk. Studiar viser at sjukefråværet er høgare blant deltidstilsette enn blant dem som arbeidar heiltid.

Kommunens andel heiltid dei siste åra



Kommunen vil fortsetja dette arbeidet og i 2025

Organisering og struktur vil være viktige prosesser som Hjelmeland kommune bør setta på dagsorden for å kunne klare å realisere si målsetting. Kommunens arbeid med innsatstrapp er eit viktig arbeid for organisering og struktur for at kommunen i framtida skal kunne levere gode tenester til sine innbyggjarar og arbeidsvilkår for sine tilsette. Viktig at de rette tiltaka settas inn til rett tid, med riktig intensitet og ressursbruk.

Sjukefråvær


Fråvær er kostbart, særleg i dei yrka der ein må sette inn vikar for å dekke opp fråværet. Sjukefråværet i Noreg har ikkje vore høgare sia før pandemien og det er ikkje lenger luftvegsinfeksjonar som aukar mest, men psykiske lidningar. Dette er urovekkjande. Det rår og bekymring i dei politiske kretsar sentralt.

Sjukefråvær kostar norske bedrifter og kommunar om lag kr 15 000,- per ansett per arbeidsveke. Refusjon frå Nav inntreffer etter 16 sjukedagar og har eit tak på inntil 6 G.

Norske kommunar og helseføretak brukte nærare 4 milliardar kroner på vikartenester i 2023, da spesielt små kommunar i nord Noreg og på vestlandet.

Hjelmeland kommunen har dei siste 15 åra hatt eit stort fokus på sjukefråvær og nærvær. Det vert rapportert statistikk kvart kvartal til arbeidsmiljøutvalet og til administrasjonsutvalet. Hjelmeland kommune skil seg ikkje særskild ut i høve resten av landet, me ser at svingingane i fråværet er nokså like dei som SSB rapporterer på sine sider.

Årleg sjukefråvær i perioden 2009 og hittil i år



Kommunen har eit mål om eit sjukefråvær under 5%. Vilkår for å klare dette:

- Forankring og organisering
- Felles prosess for oppfølging
- Kompetanse og meistring
- Arbeidsmiljø og arbeidsforhold

Kommunen inngjekk avtale med Nav arbeidslivsenter i sommar som skal dekke samarbeidet rundt inkluderande arbeidsliv. Målet er å styrke kompetansen innan nærværarbeid, tilrettelegging, arbeidsmiljø og den vanskelege samtalen.

Beredskap

Beredskap handlar om å tilpasse evna i samfunnet til å handtere uføreseielege truslar i ei verd som stadig utviklar seg. Dette kan inkludere alt frå naturkatastrofar til pandemiar, cyberangrep, økonomiske kriser, og geopolitiske konflikhtar. Førebuing på desse utfordringane er viktige for å sikre at kommunen er i stand til å beskytte befolkninga og oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar.

Ei verd i endring kan òg føre til økonomiske utfordringar, som i sin tur kan utløyse sosiale problem. Å byggje økonomisk motstandskraft gjennom god, fornuftig og føreseieleg

forvaltning av økonomien, og oppretting av beredskapslager for viktige ressursar, er avgjerande for å handtere slike situasjonar.

For å møte utfordringene i framtida må beredskapen vara dynamisk, fleksibel og basert på god risikovurdering. Dette innebær:

- Tverrsektorielt samarbeid – Offentlege, private og frivillige aktører må samarbeide tett.
- Innovasjon – Teknologiske framskritt som droner, kunstig intelligens og automatiserte system spelar ei viktig rolle i moderne beredskap.
- Øvinger og simuleringar – Regelmessige øvingar som tester reaksjonsevne under realistiske forhold er essensielt for å sikre at beredskapsplaner fungerer i praksis.
- Internasjonalt samarbeid – Truslar som pandemier og klimaforandringar kjenner ingen landegrenser, så samarbeid mellom land er avgjærende.

Kort sagt, i ei verd i endring krev effektiv beredskap tilpassingsevne, kontinuerleg læring og ei integrert tilnærming for å kunne handtere både dagens og framtidige utfordringar.

Heilskapleg ROS vart revidert og vedteken i desember 2023. Overordna beredskapsplan er under revisjon og ute på høyring. Målet er å få denne ferdig og vedteke politisk i kommunestyret i desember 2024.

Brannvesenet

Brannvesenet i Hjelmeland er organisert etter SFS 2404 del 3 pkt 3.3 – deltidspersonell i beredskap uten vaktordning. Dette inneber at våre brannkonstablar gis ein årleg godtgjering i høve til særavtale. Per i dag er det tilsett om lag 37 brannkonstablar og befal, desse er fordelt forholdsmessig på Hjelmeland, Årdal, Jøsneset og Jøsenfjorden. Kommunen kjøper brannsjefressurs av Rogaland Brann og Redning. Personal-, økonomi- og budsjettansvar ligg til kommunen.

Kommunen har sia 2015 vært i prosess der spørsmålet har vært om kommunen skal bli en del av Rogaland Brann og Redning IKS (RBR). Til budsjett 2024 vart det referert til ein rapport som skulle vært handsama politisk våren 2024. Denne rapporten mottok ikkje kommunen med grunngjeving i nye krav til brann og redningsvesenet – dette følger av forskrift «brann og redningsvesensforskrifta» der målsetjinga er å utvikle eit enda betre brann- og redningsvesen enn det me har i dag, noko som inneber å få på plass Brann ROS, førebyggjande analyse og beredskapsplan for brannvesen.

Vilkåret for at Hjelmeland brannvesen skal vurderast for RBR er utarbeiding og politisk handsaming analyse og plan. Hjelmeland kommune har derfor inngått avtale med Einang Safety consulting til dette arbeidet. Målet er å ha analyse og plan ferdig i løpet av november og endeleg handsaming politisk i desember.

Fram til vedtak om brannvesenet si framtid er fatta er kommunen pålagt å ha eit operativt brannvesen, som inneber grunnleggjande krav, vedlikehald og investeringar.

3.3. Visjon, mål og prioriteringer

3.3.1. Overordna mål i kommuneplanen

Hovudmål i gjeldande kommuneplan – Hjelmeland Naturlegvis

Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

På bakgrunn av hovudmålet er det formulert tre satsingsområde:

1. Trekantsamarbeidet offentlig/ privat/ frivillig sektor
2. Næringsutvikling
3. Lokalsamfunnsutvikling

Me ynskjer å synleggjera at det er kommunen som heilskap som skal løysa samfunnsutfordringane og leggja til rette for ei positiv folketalsutvikling. Den meirverdien ein kan få ved å jobba på tvers, og ved å samarbeida med næringsliv og frivillig sektor, er ein føresetnad for å kunne takla framtida med avgrensa tilgang på ressursar.

4. Utvikling demografi, økonomi og rammebetingelser

4.1. Folketal og demografiutvikling


01.01.2024 var innbyggjartalet i Hjelmeland 2 643, det var ei auke frå 01.01.2023 på 24 personar, 01.07.2024 er det auka til 2 666.

	2023	2024K1	2024K2
Befolkning ved inngangen	2619	2643	2655
Fødde	25	6	3
Døde	24	6	7
Fødselsoverskot	1	0	-4
Innvandring	42	3	7
Utvandring	15	1	4
Innflytting, innlandsk	122	35	39
Utflytting, innlandsk	126	25	27

Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring	23	12	15
Folkevekst	24	12	11
Befolkning ved utgangen av 2 kv 2024	2643	2655	2666

Befolkningsframskriving mot 2024 og vidare mot 2025, syner eit bilete med fleire eldre og færre unge


2024 er knekkpunktet for at gruppen 67+ krysser den unge befolkningen.



Endra samansetting av innbyggjaranes alder påverkar estimerte driftskostnader pr innbyggjargruppe.


Merk at tabellen går over til 5-årig fra 2026.

I eit kortare tidsintervall fram mot 2034:



Hjelmeland har det same totalbiletet som dei fleste andre kommunar i Noreg.

Det blir færre barn og unge og det kjem til å auka endå meir av eldre. Utgiftsbehova er eit resultat av innbyggjarsamansetninga. Og estimert utgiftsbehov synast igjen i kalkulert rammetilskott pr innbyggjar.




Biletet under synar at Hjelmeland får lita auke i utgiftsbehovet totalt og at rammetilskottet framover mot 2034 vil vera basert på auka behov innan pleie og omsorg og reduserte behov innan oppvekst. Dette må visast igjen i prioriteringane.


Men me og ta omsyn til det arbeidet som allereie er gjort med å auke ressursar til helsesektoren dei seinare åra. Dette blir omtala meir under Helse og Omsorg.

1133	HJELMELAND					
------	------------	--	--	--	--	--

	Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tjenesteområde						SUM
Endring	som følge av befolkningsendringer. (2024 kroner og endring fra 01.01.2024)						
utgiftsbehov per 1.1	Pleie- og omsorg	Grunn skole	Barnehage	Sosial	Kommune helse	Barnevern	HJELMELAND
2025	2 004	-1 636	-810	84	320	-89	-127
2026	-258	-364	36	141	96	-14	-363
2027	3 677	-3 454	544	198	36	-233	769
2028	2 471	909	-2 836	10	83	-63	574
2029	1 617	-2 182	1 361	43	29	-137	731
2030	4 377	-909	-1 089	-62	103	-153	2 267
2031	1 847	-3 454	544	68	-6	-227	-1 229
2032	1 382	-182	895	-126	85	-27	2 027
2033	2 604	-1 091	272	-106	106	-93	1 692
2034	250	-545	0	5	-13	-74	-377
Sum 2025-2034	19 970	-12 908	-1 082	255	838	-1 109	5 964

4.2. Utvikling netto driftsresultat





Det er ikkje lenge sidan det var omtrent tomt for fond og lite likviditet. Me ynskjer ikkje å koma tilbake til det nivået. 2025 blir ikkje ei stor utfordring. Vidare er det lagt opp til eit balanse-driftsresultat i 2026 og eit lite overskot frå 2027, men det er eit bilete pr nå. Klarer kommunen å komme i mål med omstilling og å bruke overskott frå 2024 og utover i perioden til nedbetaling av gjeld/eigenkapital til investeringar så vil dette biletet endra seg.

Overskotet frå seinare år kjem hovudsakleg frå sal av kraft, i 2021 hadde me eit sal på kr 25,5 mill., i 2022 kr 30,8 mill. og i 2023 kr 41,9 mill.

Netto salssum var i 2021 kr 11,8 mill., i 2022 23,8 mill. og i 2023 38,4 mill.

4.3. Utvikling sentrale inntekter og pensjonskostnader

Heile tal	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Skatt på inntekt og formue	-90 818 507	-110 300 000	-132 300 000	-136 000 000	-136 000 000	-136 000 000
Rammetilskot	-116 929 000	-121 000 000	-127 000 000	-126 000 000	-126 000 000	-126 000 000
Inntektsutjamning	8 940 602	6 000 000	11 000 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000
Pensjonsinnskot KLP	19 289 370	20 114 112	25 164 675	25 196 675	25 196 675	25 196 675
Pensjonsinnskot SPK	2 624 574	4 117 875	4 131 625	4 131 625	4 131 625	4 131 625

Inntektsutjamninga aukar i høve til revidert inntektssystem og større % trekk på inntektsutjamninga, frå 60% til 64%.

Pensjonskostnader aukar mykje frå 2024-2025, men held seg på 2025 nivå utover i perioden.

4.4 Utvikling lokale inntekter, Eigedomsskatt og konsesjonskraft

Estimert/ grunnlag for budsjett for sal av konsesjonskraft i neste periode

Heile tal	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Sal av kraft	-49 106 107	-82 000 000	-85 000 000	-58 000 000	-55 000 000	-55 000 000

Eigedomsskatt i perioden

Heile tal	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Eigedomsskatt vasskraftanlegg	-24 628 941	-23 100 000	-23 100 000	-23 100 000	-23 100 000	-23 100 000
Eigedomsskatt bustad og fritidsbustad	-6 389 353	-6 300 000	-6 300 000	-6 300 000	-6 300 000	-6 300 000
Eigedomsskatt næringseigedom m.m.	-8 729 905	-8 500 000	-8 500 000	-8 500 000	-8 500 000	-8 500 000

Me vidareførar vedtak om at nybygg (bustad) ikkje får eigedomsskatt dei 3 fyrste åra.

I denne samanheng bør nemnast at avtalen med Suldal om deling av konsesjonsavgifter og eigedomsskatt frå Ulla Førre går ut i 31.12.2026 og skal fornyast. Det er ikkje sjølvsaft at me får behalda dagens andel.

Avtale om fordeling av eiendomsskatt

Kommunestyrene i Hjelmeland og Suldal har med virkning fra skatteåret 1987 inngått en avtale om fordeling av eiendomsskatt for vannkraftverk i Ulla Førre anleggene i 40 år. Avtalen innebærer at Hjelmeland kommune skal ha 20% av eiendomsskatt for kraftverk for anleggene, mens Suldal skal ha 80%

Skatteetaten beregner årlig % eiendomsskatt for anleggene til hver kommune, beløpene varierer årlig ut fra faktiske kraftpriser i tidligere skatteår.

Ut fra dette grunnlaget fordeler kommunene årlig etter avtalt prosentsats. Hjelmeland kommune mottar etter avtalen eiendomsskatteinntekter fra Suldal for å oppnå 20% andel av eiendomsskatten. De siste 5 årene (2018-2022) er det årlig overført fra 6,3 millioner kr. til 7,7 millioner kr. årlig fra Suldal til Hjelmeland. For 2023 er beløpet 9 millioner.

Den politiske avtalen med Suldal kommune har varighet til 31.12.2026.

Avtale om fordeling av konsesjonsavgifter

Kommunestyrene i Hjelmeland og Suldal har med virkning fra skatteåret 2009 inngått en avtale om fordeling av konsesjonsavgifter for vannkraftverk for Ulla Førre anleggene.

Avtalen innebærer at Hjelmeland kommune skal ha 34% av konsesjonsavgifter for anleggene, mens Suldal skal ha 66%

NVE spesifiserer årlig konsesjonsavgifter for anleggene til hver kommune, beløpene varierer årlig.

Ut fra dette grunnlaget fordeler kommunene årlig konsesjonsavgift etter avtalt prosentsats. Hjelmeland kommune overfører årlig konsesjonsavgiftinntekter til Suldal slik at Suldal oppnår 66% andel av konsesjonsavgiftene.

De siste 5 årene (2018-2022) er det årlig overført fra 898 000 kr til 1 million kr årlig fra Hjelmeland til Suldal.

Den politiske avtalen med Suldal kommune har varighet til 31.12.2026.

5. Budsjett og rammer for perioden 2025- 2028

Oversikter i pkt 5.1 er revidert etter KS vedtak

5.1. Hovudoversikter drift 2024-2027

Tal i tusen kr

Hovudoversyn §5-6	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Rammetilskudd	-107 988	-115 000	-118 581	-112 000	-112 000	-112 000
Inntekts- og formuesskatt	-90 819	-110 300	-132 300	-136 000	-136 000	-136 000
Eiendomsskatt	-39 748	-37 900	-37 900	-37 900	-37 900	-37 900
Andre skatteinntekter	-37 745	-15 500	-15 500	-15 500	-15 500	-15 500
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-38 009	-43 035	-33 735	-30 235	-26 535	-23 535
Overføringer og tilskudd fra andre	-45 437	-20 657	-25 836	-25 149	-25 149	-25 149
Brukerbetalinger	-8 185	-7 379	-7 900	-7 900	-7 900	-7 900
Salgs- og leieinntekter	-76 261	-108 416	-114 197	-87 297	-84 247	-84 247
SUM DRIFTSINTEKTER	-444 193	-458 187	-485 949	-451 981	-445 231	-442 231
Lønnsutgifter	211 316	210 420	223 290	222 540	222 540	222 540
Sosiale utgifter	45 013	47 715	53 987	53 793	53 793	53 793
Kjøp av varer og tjenester	97 626	112 385	116 693	93 255	81 905	77 905
Overføringer og tilskudd til andre	46 999	40 333	50 682	46 382	44 382	43 382
Avskrivninger	22 409	23 039	23 039	23 039	23 039	23 039
SUM DRIFTSUTGIFTER	423 363	433 892	467 691	439 009	425 659	420 659

BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-20 830	-24 294	-18 258	-12 971	-19 571	-21 571
Renteinntekter	-11 334	-8 210	-10 210	-10 210	-10 210	-10 210
Utbytter	-10 934	-7 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 364	0	0	0	0	0
Renteutgifter	12 630	19 776	21 946	25 326	25 926	25 926
Avdrag på lån	20 638	20 725	22 855	27 105	30 105	30 105
NETTO FINANSUTGIFTER	8 636	25 291	26 591	34 221	37 821	37 821
Motpost avskrivninger	-22 409	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092
NETTO DRIFTSRESULTAT	-34 602	-22 095	-14 758	-1 842	-4 842	-6 842
Overføring til investering	3 976	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	16 565	14 500	14 500	14 554	14 503	14 503
Bruk av bundne driftsfond	-10 838	-7 390	-7 390	-7 390	-7 390	-7 390
Avsetninger til disposisjonsfond	24 900	23 645	16 309	3 339	6 390	7 390
Bruk av disposisjonsfond	0	-8 660	-8 660	-8 660	-8 660	-7 660
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	34 602	22 095	14 758	1 842	4 842	6 842

5.2. Bevilgingsoversikt drift

Bevilging §5-4, Tai i tusen kr	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Rammetilskudd	-107 988	-115 000	-118 581	-112 000	-112 000	-112 000
Innteks- og formuesskatt	-90 819	-110 300	-132 300	-136 000	-136 000	-136 000
Eiendomsskatt	-39 748	-37 900	-37 900	-37 900	-37 900	-37 900
Andre generelle driftsinntekter	-75 754	-58 535	-49 235	-45 735	-42 035	-39 035
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-314 310	-321 735	-338 016	-331 635	-327 935	-324 935
Sum bevilgninger drift, netto	271 071	274 402	296 719	295 624	285 324	280 324
Avskrivninger	22 409	23 039	23 039	23 039	23 039	23 039
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	293 480	297 441	319 758	318 664	308 364	303 364
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-20 830	-24 294	-18 258	-12 971	-19 571	-21 571
Renteinntekter	-11 334	-8 210	-10 210	-10 210	-10 210	-10 210
Utbytter	-10 934	-7 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 364	0	0	0	0	0
Renteutgifter	12 630	19 776	21 946	25 326	25 926	25 926
Avdrag på lån	20 638	20 725	22 855	27 105	30 105	30 105
NETTO FINANSUTGIFTER	8 636	25 291	26 591	34 221	37 821	37 821

Motpost avskrivninger	-22 409	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092
NETTO DRIFTSRESULTAT	-34 602	-22 095	-14 758	-1 842	-4 842	-6 842
Overføring til investering	3 976	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	16 565	14 500	14 500	14 554	14 503	14 503
Bruk av bundne driftsfond	-10 838	-7 390	-7 390	-7 390	-7 390	-7 390
Avsetninger til disposisjonsfond	24 900	23 645	16 309	3 339	6 390	7 390
Bruk av disposisjonsfond	0	-8 660	-8 660	-8 660	-8 660	-7 660
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	34 602	22 095	14 758	1 842	4 842	6 842

5.3. Rammer pr ansvar og pr hovudområde. Skjema 1B

Ansvar	Bevilling pr ansvar §5-4	Regnska p 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Hjelmeland kommune		271 071	274 402	296 719	295 624	285 324	280 324
1000	Kommunedirektør	7 397	7 601	6 756	4 556	2 556	2 556
1001	Politisk nivå	8 547	11 574	13 091	10 391	10 391	9 391
1002	Næringsliv	6 154	13 108	12 606	8 619	8 119	7 119
1003	Den Norske Kirke	3 000	3 300	4 050	4 050	4 050	4 050
1100	Prosjekt og digitalisering	3 464	4 564	6 788	9 388	3 788	3 788
1101	Ikt RITS	7 464	9 299	10 303	10 303	10 303	10 303
1200	Kundesenter	3 124	3 038	3 129	3 129	3 129	3 129
1300	Plan, utvikling og forvaltning	5 992	5 983	6 650	6 650	6 450	6 450
1400	Økonomi	5 525	6 978	6 579	6 707	6 707	6 707
1600	Fagområde personal	6 675	7 356	8 161	8 161	8 161	8 161
1800	Fellesutgifter	30	1 433	1 883	1 883	1 883	1 883
2000	Oppvekst	9 619	10 280	10 123	597	-1 403	-4 403
2010	Kulturskolen	2 993	2 644	2 747	2 747	2 747	2 747
2100	Hjelmeland skule	32 956	36 050	35 272	35 272	35 272	35 272
2200	Årdal skule	10 492	11 494	10 376	9 991	9 991	9 991

2400	Fister skule	8 747	8 451	7 804	7 804	7 804	7 804
2500	Hjelmeland barnehage	14 800	14 054	15 077	15 077	15 077	15 077
2530	Jøsenfjorden barnehage	2 457	2 629	2 560	2 560	2 560	2 560
2600	Årdal barnehage	10 185	9 510	9 312	9 312	9 312	9 312
2700	Fister barnehage	6 744	6 824	7 756	7 756	7 756	7 756
2800	Flyktningetenesta	15 415	15 233	13 116	13 116	13 116	13 116
2900	Vaksenopplæring	1 734	-269	-268	-268	-268	-268
3000	Helse og omsorg	2 671	6 329	3 022	-2 478	-4 478	-4 478
3100	Hjelmeland omsorgsenter	32 578	33 095	33 401	33 401	33 401	33 401
3110	Tilrettelagde tjenester	3 923	1 188	1 673	1 673	1 673	1 673
3200	Årdal omsorgsenter	27 010	24 066	25 975	25 975	25 975	25 975
3300	NAV	4 883	5 144	6 863	5 163	5 163	5 163
3400	Barn og familie	11 039	11 176	13 175	10 975	10 975	10 975
3500	Helse	20 081	23 215	25 867	25 867	25 867	25 867
5000	Kultur og fritid	7 411	7 963	7 100	6 075	6 075	6 075
6000	Bygg og anlegg	23 224	32 306	28 854	26 554	25 554	25 554
6003	Renhold	10 035	8 633	10 014	10 014	10 014	10 014
6006	Brann og redning	6 330	5 322	5 695	5 695	5 695	5 695
6025	IVAR vann og avløp	-2 631	-4 465	-4 790	-4 690	-4 690	-4 690
9000	Skatt, overføringer, lån, finans m.v.	-48 996	-70 707	-54 002	-26 402	-23 402	-23 402

I denne tabellen er bruk av fond utelate.


Omstillingstal ligg på ansvar 1000 Kommunedirektør, 1002 Næringsliv, 2000 Oppvekst og 3000 Helse og omsorg.

Pr hovudområde, tal i tusen kr

Sektorer	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Kommunedirektør og staber	39 102	48 805	53 561	51 389	43 789	42 789
Samfunn og næring	55 940	71 031	68 353	61 041	59 341	58 341
Oppvekst	116 142	116 900	113 875	103 964	101 964	98 964
Helse og omsorg	102 185	104 213	109 976	100 576	98 576	98 576

Særskilte ansvar	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Brann og redning	6 330	5 322	5 695	5 695	5 695	5 695
Den Norske Kirke	3 000	3 300	4 050	4 050	4 050	4 050
VA/ IVAR	-2 631	-4 465	-4 790	-4 690	-4 690	-4 690
Skatt, rammer, tilskot	-48 996	-70 707	-54 002	-26 402	-23 402	-23 402


Med utgangspunkt i rekneskapen 2023 så har Hjelmeland ei slik fordeling.



Frå 2025 er det lagt inn nedtrekk for omstilling på hovudområda

Nedtrekk	- 3 300 000	- 24 500 000	- 31 000 000	- 34 000 000
	2025	2026	2027	2028
Kommunedirektør m/ staber	- 800 000	- 3 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000
Samfunn og Næring	- 1 000 000	- 5 500 000	- 6 000 000	- 6 000 000
Oppvekst	- 1 000 000	- 10 000 000	- 12 000 000	- 15 000 000
Helse og omsorg	- 500 000	- 6 000 000	- 8 000 000	- 8 000 000

Me har fordelt omstillingstala ut i frå gjeldande prioritering, og biletet for 2027 ser foreløpig slik ut:



Dette har me vald ut i frå at me trengjer meir utredningar på sektorane og på strukturane i både helse, oppvekst og stabar. Kor vil det gje ein best mogleg effekt for innbyggjarar i Hjelmenland kommune? Og korleis kan tilsette bidra til å effektivisera områder av drifta.

No ligg omstillinga fordelt jamt, me vil komma tilbake med meir analyser, ulemper og fordelar og konkrete moglegheiter.

Det vil vera behov for nokre større endringar innan struktur og organisering, men me må ikkje gløyme å gå gjennom dei daglege utgiftene og inntektene.

Kan me gjera noko me utgifter som:

- Kurs og reiser, abonnement, lisensar, innkjøpsavtalar
- Tilskot og overføringar
- Inntekter, ei måte å redusere netto drift på er auka inntekter. Eigenbetaling, gebyrer.

5.3.1 Administrasjon og stabar

Administrasjon og stabar inkluderer :

1000 Kommunedirektør
 1001 Politisk nivå
 1600 Organisasjon HR og Beredskap, inkl. brann og redning
 1400 Økonomiavdeling
 1100 Prosjekt og Digitalisering
 1101 RITS

Kommunedirektøren er øvste leiar i kommunen, personalansvar for leiargruppa som består av kommunalsjef Helse og omsorg, kommunalsjef Oppvekst, kommunalsjef Samfunn og næring, Leder Organisasjon, HR og beredskap og Økonomisjef.

Det har vore fleire endringar på området dei siste åra. Det har og vore skiftande behov for kompetanse ut i frå føringar og prioriteringar. Totalramme og tilsette må sjåast i saman med Samfunn og næring. Det arbeides mykje på tvers av fagområde.

Politisk nivå inkluderer folkevalde og politisk sekretariat. Dei har ansvar for drifta av politiske styrer, råd og utval, gjennomføring av stortings- og kommune- fylkestingval.

Politisk nivå har auka ramma i høve:

- Ny avtale om kommunalt bidrag til Ryfylke IKS/ Ryfylkefondet. Avtalen om 10% av netto overskot på sal av konsesjonskraft gjeld inntil
- Auke godtgjersler

Organisasjon, HR og beredskap inkluderer lønn og personal, HMS, tillitsvalde og personvernombod. Frå 2022 rapporterer overordna beredskap og operativ brann og redningsteneste til denne avdelinga.

Avdelinga har ansvar for løn og lønnskjøring, personalsaker, rekruttering og HMS/ personverneombod. Løn og personal tenester er organisert sentralt og skal gje råd og veiledning til leiarar i personal og arbeidsgjever spørsmål i alle einingar.

Økonomi avdelinga har ansvar for fleire av kommunens strategiske planar og rapportering til politisk nivå. Økonomiavdelinga har vidare ansvar for rekneskap, faktura, budsjett, økonomistyring, eigedomsskatt, finans og avtalar, budsjettoppfølging og innkjøp. Økonomi er organisert sentralt og skal gje tenester til alle einingar innan økonomiområdet. Det er oppfølgingsmøter med de einskilde leiarane.

Dei to direkte støtteavdelingane Økonomi og Løn- og personal ønskjer å gje god støtte til einingane og sikra at leiarar med økonomi- og personalansvar har god oversikt og kontroll på økonomien og på personalansvaret. Det blir også lagt vekt på utvikling og effektivisering. Det at Hjelmeland kommune har sentrale stabar som førast som administrasjon og ikkje på det einskilde fagområdet dei rådgjer, er ei av grunnane til at administrasjonskostnader ligg høgt i kostrasamanheng.

Det er undervegs eit nytt anbod for Økonomi og Løn/HR system. Uansett val av system vil det krevja engasjement og mykje innsats av tilsette for å få dette smidig på plass. Dette vil skje i 2025.

Det blir viktig å følgja opp budsjettdisiplin framover. Det har vore lite press på leiarar med budsjettansvar til å setja i gong tiltak for å halda budsjetta dei seinare åra. Årsaka har vore ein kommuneøkonomi som har vore god og stabil, og det har vore redusert kapasitet på økonomiavdelinga. No prioriterer me budsjettoppfølging og vil følgja ein plan med månadlege møter for budsjettkontroll.

Økonomiavdelinga har og teke på seg ansvar for økonomistyring for nye flyktningar og har ei rolle innan husbanken og startlån.

Prosjekt og digitalisering er ein avdeling som er samansett av tidlegare ressursar på bygg og anlegg og kundesenter samt rådgjevar i stab. Prosjekt delen har ansvar for investeringsbudsjett og oppfølging av investeringar. Digitaliseringsdelen driver med kontinuerleg forbetring av prosesser og mest mogleg bruk av digitale løysningar.

RITS, er vårt felles oppgåvefelleskap for IT tenester.

Kommentar frå dagleg leiar

Hjelmeland kommune er en av 4 deltakerkommuner i Ryfylke sitt interkommunale IT-samarbeid (RiTS). RiTS jobber kontinuerlig for å levere stabile og sikre IKT tjenester for sine deltakerkommuner. Sammen med kommunene Strand, Suldal og Sauda jobbes det aktivt for å oppnå stordriftsfordeler til fellesskapet.

Samtidig har vi kontinuerlig med forbedring, og skal ved anskaffelser til fellesskapet søke bærekraftige løsninger som hensyntar morgendagens behov og kostnadseffektiv drift. Samarbeid er et av flere virkemidler til å oppnå dette i fremtiden. Står vi alene må vi ta hele kostnaden selv, er vi et samarbeid deles kostnaden med flere.

IKT sikkerhet

IT sikkerhet er et komplekst landskap, og trussel aktørene blir stadig mer profesjonelle i utøvelse av sine handlinger, noe som igjen er meget utfordrende for kommunal sektor som i utgangspunktet har begrensede økonomiske rammer. Vi har i RiTS jobbet strukturert og målrettet med IKT sikkerhet på mange plan, nå sammen med vår strategiske sikkerhetspartner som overvåker løsningen når vi ikke er på jobb. Sikkerhet og teknologiløpet krever kontinuerlig kompetanseheving, og i RiTS gjennomføres det ulike tiltak for å øke bevisstgjøringen og sikkerhetsadferden hos oss alle.

Leverandørmarkedet er i endring

Etter hvert som leverandørene flytter sine fagsystem til egne skyløsninger, ser vi en trend i at de også endrer sine prismodeller. Konsekvensen av dette er økte driftskostnader og reduserte investeringskostnader for kommunene, noe som igjen gir andre utfordringer.

Kunstig intelligens (KI) er på full vei inn i kommunene og vi er i den spede begynnelse på å se hvilke muligheter som ligger ved riktig bruk av teknologien. Samtidig må vi være klar over at teknologi i seg selv ikke er løsningen på utfordringene kommunene står overfor de kommende årene, men at teknologi heller kan være en muliggjørere for å få løst noen av dem.

For meir informasjon om RiTS budsjett så synar me til vedlagt eige budsjettdokument

Rammer pr ansvar innan området

Tal i tusen	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Kommunedirektør	7 397	7 601	6 756	4 556	2 556	2 556
Politisk nivå	4 203	11 574	13 091	10 391	10 391	9 391
Prosjekt og digitalisering	3 464	4 564	6 788	9 388	3 788	3 788
Ikt RiTS	7 464	9 299	10 303	10 303	10 303	10 303
Økonomi	5 525	6 978	6 579	6 707	6 707	6 707

Organisasjon, HR og beredskap	6 675	7 356	8 161	8 161	8 161	8 161
Fellesutgifter	30	1 433	1 883	1 883	1 883	1 883
	34			51	43	42
Kommunedirektør	758	48 806	53 561	390	790	790

I prosjektavdelinga vil ein del av lønskostnadane bli overføre til respektiv tidsbruk på investeringsprosjekta. Dette blir gjort i årsrekneskapen.

Omstilling på administrasjon og staber vil i fyste omgang vara enkle grep og nokre effektiviseringer på utvalgte prosessoppgaver.

- Redusere kurs og reiser, vil gjelda heile organisasjonen.
- Søkja å henta inn meir inntekter, søke om tilskot, prosjektmidlar. Her må me støtta alle einingar i søkje prosess og vidare oppfølging.
- Samarbeide med andre kommuner for å vurdere felles lønnskjøring og felles fakturering.
- I samanheng med nytt økonomi- og lønssystem så kan me vurdere å selja tenester, eit døme er å føra rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd i 2026. Dei har førespurd kommunen om dette.
- Følgja opp leigeavtalar, prisar me har på utleige, gebyr og andre eigenandeler.
- Gjennomgå abonnement og lisensar, vil gjelda heile kommunen.

5.3.2 Oppvekst

Kommentarar frå Kommunalsjef Oppvekst

Tenesteområdet oppvekst består av dei fire barnehagane (Hjelmelandsbarnehagen), dei tre skulane (Hjelmelandsskulen), Flyktingtenesta og Kulturskulen.

BARNEHAGE

Hjelmelandsbarnehagen er «Partnerbarnehage», og har samarbeid med Universitetet i Stavanger (UIS) kring utviklingsarbeidet. Samarbeidet er forankra i lokale behov i

barnehagane, og dei har eit felles utviklingsområde for barnehageåret 2024/25; «Vaksenrolla og personalet si relasjon- og samspelskompetanse i møte med alle barn». I tillegg er Hjelmelandsbarnehagen i lærande nettverk med Strand kommune, PPT og UIS. Dette nettverket har fokus på «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis», samt på leiarutvikling. Barnehagane sin felles visjon «Det beste for barnet» er plattformen i alt utviklingsarbeid.

Barnehagane har løypande opptak, der nye barn potensielt blir tekne inn gjennom heile året. Dette er ei god ordning for familiar i Hjelmeland, og kanskje særleg for dei som kjem flyttande til kommunen midt i barnehageåret. Samstundes skapar det utfordringar i barnehagane, både fagleg og økonomisk. På det faglege planet vil eit "stadig mottak" av nye barn, gjere at barnehagane på mange måtar står i ein "konstant tilvenningssituasjon", der det alltid er enkeltbarn som må få særskild oppfølging fordi dei er nye, noko som kan gå ut over stabiliteten og resten av barnegruppa. Når det gjeld økonomiske utfordringar, er dette knytta til barnehagen sine bemannings- og pedagognormar, der nye barn som kjem midt i året kan føre til nye tilsetjingar i barnehagane. Det er ikkje lett å få formelt kompetente personar på plass midt i året, noko som gjerne kan føre til auka vikarkostnader og administrasjon rundt dette.

Det er i underkant av 130 barn totalt i barnehagane dette barnehageåret, og berre fem barn i Jøsenfjorden barnehage. Ut frå tala vi har vil ikkje talet på barn auka særleg dei komande åra. Det er utfordrande med å få formelt kompetente tilsette i barnehagane, og fagmiljøa blir veldig små i enkelte av einingane. I dag er Hjelmeland barnehage delt i to avdelingar (Nøtteskogen og Toddler toppen), det gjer at barnehagen ikkje får utnytta vaksenressursane i barnehagen godt nok, både med tanke på bemanning generelt sett – men spesielt når det gjeld vikarbruk. Kommunedirektøren vil leggja fram ei sak om ein barnehage på Hjelmeland i løpet av våren 2025. Forprosjekt tek til allereie hausten 2024.

Når trenden, både nasjonalt og lokalt, framover er at vi må bruke meir pengar på eldreomsorg og mindre på oppvekst, blir vi nøydte til å sjå nærmare på barnehagestrukturen i kommunen og korleis vi på best mogleg måte kan gi eit godt tilbod til barna, samt få godt kvalifisert personale til barnehagane.

SKULE

Hjelmelandskulen deltek i "lærande nettverk", saman med UIS og Strand kommune. Hovudfokuset i samarbeidet er skuleutvikling gjennom partnarsamarbeid og lesing i alle fag. Utviklingsarbeidet omfattar alle lærarar – fordi alle lærar er leselærarar, uansett kva fag dei undervise i. I tillegg kjem dette alle elevar, frå 1.-10.klasse, til gode.

Det er utfordrande å få formelt kompetente tilsette i skulane våre, særleg når det kjem til vikarstillingar. Det gjer det ikkje lettare at dei omlag 200 barneskuleelevane er fordelt på tre skular, noko som gir få elevar per lærar, og difor eit større lærarbehov enn kva tilfellet ville vore med færre skular og større klassar.

Trenden, både nasjonalt og lokalt, er at vi framover må bruke meir pengar på eldreomsorg og mindre på skule. Med den desentraliserte skulestrukturen vi har i Hjelmeland, er det begrensa kor mykje ein kan spare, sjølv med synkende elevtal. Lønn er den største kostnaden innan skuledrift, og talet på tilsette er knytt til talet på klassar i kommunen.

Det er to måtar å få ned talet på klassar i kommunen, og det er å samle fleire trinn i same klasserom på skulane våre, eller å leggje ned ein eller fleire skular og flytte elevane inn i eksisterande klassar ved andre skular.

Kommunedirektøren vil foreta ein utredning på skulestruktur og sjå på alternativa med 1, 2 eller 3 skular som vil svara på innsparing, godt fagmiljø, lettare å få tak i kvalifisert personale og redusert bruk av vikarar.

KULTURSKULE

Kulturskulen i Hjelmeland tilbyr undervisning i musikk og dans. Deltakinga er jamt over stabil og god, sjølv om elevtalet har gått litt ned dei seinare åra. Kulturskulen har eit samarbeid med skulane i kommunen om den ordinære musikkundervisninga på enkelte trinn, eit samarbeid som alle elevane i kommunen nytte godt av, sidan det er laga ein plan som sikrar at alle elevane får denne undervisninga i løpet av grunnskulen. Kulturskulen har og eit samarbeid med barnehagane i Hjelmeland og Årdal, i dei to barnehagane har Kulturskulen musikkbarnehage.

Kulturskulen har hatt ein stabil personalsituasjon dei siste åra, dei har stort sett klart å halde på dei tilsette.

FLYKTNINGTENESTA

Flyktingtenesta i Hjelmeland har dei siste åra tatt imot mange flyktningar. Målet er at alle skal bli tatt godt imot, få ein plass å bu, lære språk, få ein jobb og gjennom ulike tiltak bli integrert i samfunnet på ein god måte. For å klare å nå desse måla, kan vi ikkje opne opp for å ta i mot fleire enn det vi har kapasitet til.

I 2025 vil vi sannsynlegvis få anmodning om å ta i mot 25-30 flyktningar i kommunen. Det er ei stor utfordring å klare å tilby arbeidsplassar til alle flyktningane, og vi ser at for mange av dei går rett frå introduksjonsprogrammet og over til NAV. Flyktingtenesta og NAV har to gonger det siste året invitert lokale bedrifter til å delta på jobbmesse for flyktningane. Den fyste gongen var det få bedrifter som møtte opp, den andre gongen blei jobbmessa avlyst pga. at for få bedrifter ville vere med.

Rammer pr ansvar innan området

Tal i tusen	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Oppvekst	8 823	10 280	9 597	597	-1 403	-4 403
Kulturskulen	2 993	2 644	2 747	2 747	2 747	2 747
Hjelmeland skule	32 956	36 050	35 272	35 272	35 272	35 272
Årdal skule	10 492	11 494	10 376	9 991	9 991	9 991
Fister skule	8 747	8 451	7 804	7 804	7 804	7 804

Hjelmeland barnehage	14 800	14 054	15 077	15 077	15 077	15 077
Jøsenfjorden barnehage	2 457	2 629	2 560	2 560	2 560	2 560
Årdal barnehage	10 185	9 510	9 312	9 312	9 312	9 312
Fister barnehage	6 744	6 824	7 756	7 756	7 756	7 756
Flyktingetenesta	15 415	15 233	13 116	13 116	13 116	13 116
Vaksenopplæring	1 734	-269	-268	-268	-268	-268
Sum oppvekst	115 345	116 901	113 349	103 965	101 965	98 965


Nedtrekket for omstilling er lagt på 2000, stabsområdet for oppvekst.

Demografi kostnader som vist tidlegare gjer eit tydeleg signal om omstilling og prioriteringar, me vil få mindre midlar til grunnskule og barnehagar og meir overføringar retta mot eldre og omsorgstenester.




Dette har vore tatt opp i budsjett og handlingsplan sidan 2021, noko er gjort allereie, men det blir uttrykt frå kommunalsjef oppvekst at det blir vanskeleg å redusere i høve til omstillingstala i budsjettet slik grunnskulen er organisert pr i dag. Den største utgiftsposten til kommunen i dag er løn og me må finna ei løysing kor me nyttar kompetansen betre.

Me har sett på samanhengen mellom årsverk og elevar på skulane dei seinare åra

Fysste graf er eit bilete av alle skulane samla. Det har vore ei utvikling kor elevtala har gått ned, medan antall årsverk har auka. Færre elvar gjer mindre rammetilskot og når ein i tillegg aukar antall tilsette så har me ikkje ramme til å dekkja kostnadane.




For den enskilde skule ser biletet slik ut:



Eit uttrekk frå kostra grunnskule gjer oss nokre samanlikningar:


Netto driftsutgifter til grunnskoleelev, per innbygger 6-15 år (kr)




Me ligg høgare enn fleire samanlignbare kommunar, me har vald kommunar i nærleiken samt Bjerkreim frå kostragruppe 6.

Samstundes har me hatt ein årleg nedgang i spesialundervisning frå 2019-2022, nå er det auka igjen. Eit desentralisert opplegg for spesialundervisning er ei kostbar løysing.

Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)






Me har jamt over ein liten gruppestørrelse, dette gjer ei dyr drift.


Barnehagane

Utvalde nøkkeltal for barnehagane

Utvikling antall born i barnehagane



Oppholdstid		2019	2020	2021	2022	2023
Deltid	9-16 timer		1			
Deltid	17-24 timer	1				
Deltid	25-32 timer	8	5	3	3	3
Deltid	33-40 timer	12	8	3	2	1
Heltid	41 timer eller mer	126	119	117	123	122



Det er stor variasjon, samla sett har Hjelmeland ein bemanning pr born som er betre enn normen. Det er ei dyr løysing. Noko av dette skuldast nok fleksibelt opptak og at ein oppbemannar i forkant. Dette gjer at Hjelmeland kommune driftar barnehagane delvis med ledige plassar.

Tiltak som er teke inn under oppvekst:

Ansvar	2025	2026	2027	2028	Beskrivelse
Årdal skule	Kr 384 888				Eit halvt år med ressurs til tilrettelegging

Tiltak som dette vil vurderast på ny for kvart skuleår

Tiltak som det ikkje er funne rom for:

Hjelmeland skule	Kr 50 000	2100 Møbler SFO 2025	Barnetalet i SFO har auka, me snakkar nærare ei dobling. Dei treng fleire møbler for å kunne ha plass til alle.
Hjelmeland skule	Kr 90 000	2100 Ruste opp personalrom på barneskulen 2025	Personalrommet har eit hybelkjøkken, som er slitt og det integrerte kjøleskapet er i ustand. Rommet treng og å få skifta ut nokre bord og stolar.
Hjelmeland skule	Kr 90 000	2100 Tilrettelegge skulekjøkken barneskulen	Skulekjøkkenet er ikkje dimensjonert for å lage mat til 45 elevar på SFO. Det blir både dyrt og vanskeleg å få til matservering, når me ikkje har funksjonelt kjøkken til så mange om gongen. Me treng steamer, litt ombygging og tilpasning for å kunne produsere mat til alle.

Her er fleire småsummar som me tenkjer bør kunne handterast innan ramma til oppvekst i 2025 og me oppmodar til intern prioritering, eller leggjast på vent til me veit meir om overordna prioriteringar framover.

5.3.3 Helse og Omsorg

Kommentarer frå Kommunalsjef Helse og omsorg

Tenesteområdet Helse og omsorg består av Årdal omsorgssenter (langtids institusjon), Hjelmeland omsorgssenter (korttidsavdeling, heimetenesta med heimesjukepleie og praktisk bistand, dagsenter, omsorgsbustadar og sentralkjøkken), Helseeininga (legetenesta med daglegevakt, psykiatritenesta, helsestasjon og skulehelsetenesta, jordmortenesta, fysioterapitenesta og habiliteringstenesta), Nav og Seksjon barn og familie (barnevern og tilrettelagte tenester).

Folkehelse- og SLT- koordinator og barnekoordinator er og underlagt kommunalsjef Helse og omsorg.

Helse og omsorg skal levere tenester som er ressurseffektive, gis på de rette arenaene og møter brukarenes reelle behov. Haldningar og metodar er viktige for å bygge opp om at innbyggjarane skal klare seg mest mogleg sjølv. LEON prinsippet.

For alle tenestene innan området er det stadig nye lovkrav og nasjonale føringar som krev auka kompetanse og til dels spesialkompetanse for å handtere. Oppgåveoverføring frå stat til kommune blir det stadig meir av og krev høg kompetanse innan alle einingane.

Den demografiske utviklinga vil utfordre helse og omsorgstenestene våre framover. Det vil bli fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder. Utfordringa med å skaffe nok fagfolk vil bli krevjande. Med denne utviklinga må ein sjå på moglegheiter for å arbeide på andre måtar for å klare å yte tenester til kommunens innbyggjarar samt jobbe smart i forhold til arbeidstidsordningar og turnusordningar. Ein vil måtte sjå på tenestenivået, og på kva oppgåver som skal ligge til dei kommunale helse og omsorgstenestene. Her er det viktig å sjå på kva for oppgåver helsepersonell nyttast til. Til døme oppgåver som ikkje krev helsefagleg og/eller sosialfagleg kompetanse. Ein vil ikkje klare å yte same tenestenivå som i dag i framtida. Dette er viktig å kommunisere ut til innbyggjarane.

Ein må mobilisere innbyggjarane til å ta vare på seg sjølv for å fremme og bevare eiga helse. Trekantsamarbeid om eit aldersvenleg og demensvenleg samfunn er viktig å jobbe vidare med. Her vil til dømes utbygging av aldersvenlege og sentrumsnære bustader være ein viktig faktor samt samarbeid med frivilligheita. Frivillig sektor bidrar til å utfylle dei kommunale helse og omsorgstenestene og er ein viktig aktør i eit utvida helsebegrepet. Enda meir satsing på dette samarbeidet vil vere viktig. Auka samfunnsdeltaking og førebygging av ensomhet er områder med potensiale for styrka samarbeid og nye løysningar.

Ivaretaking og mobilisering av pårørande er viktig å halde fokus på. Til dømes ha gode avlastningstilbod så pårørande klarer å stå i oppgåva lengre.

Digitalisering og velferdsteknologi:

Velferdsteknologi kan ha store gevinstar, og på sikt bidra til at alle innbyggjarane skal kunne bu trygt heime lengst mogleg. Ein vil nok og på sikt kunne gi tenester til fleire sjølv om ein ikkje klarer å rekruttere fleire fagfolk med helsefagleg kompetanse inn i tenestene.

Implementering av velferdsteknologi og anna teknologi krev omlegging av rutinar, oppleving av nytteverdi for innbyggjarar og tilsette, samt kontinuerleg kompetanseheving på tvers av einingane. Det krevst og betydelege kostnader knytt til anskaffing, drift og lisensar. Det vil vere behov for høg teknologisk kompetanse og kapasitet for teknologisk støtte i

organisasjonen for at teknologien skal fungere forsvarleg. Nasjonale digitale felles e- helseløysingar er under utvikling og implementering, dette vil medføre kostnader for kommunen.

Pleie og omsorg (AOS og HOS):

Hjelmeland kommune vil få fleire eldre og pleietrengande. Vårt primære mål er å legge til rette for at innbyggjarar med pleiebehov kan leve eit sjølvstendig liv i eigen bustad så lenge som mogleg. Behovet for heildøgnsopphald kan reduserast ved ein god bustadplanlegging, både av kommunen, private utbyggjarar og av den einskilde innbyggjar, kvardagsmeistring, velferdsteknologi, aktivitets- og fritidstilbod og gode tenester i heimen.

For å kunne handtere den store veksten i antal eldre må kommunen ha ein god og velfungerande heimeteneste samt ordningar for å avlaste pårørande. Ved å styrke heimetenesta vil fleire kunne bu trygt heime lengre enn i dag. Å bu heime betyr ikkje at ein bur der ein alltid har budd, ein kan måtte flytte på seg for å kunne motta helsetenester. Dei geografiske avstandane våre gjer det vanskeleg å nytte fagkompetansen på ein mest mogleg effektiv måte. Dette gjeld særleg i heimetenesta kor ein bind opp mykje ressursar på å for flytte seg mellom brukarane i Hjelmeland kommune som har store distansar.

Tidleg innsats og forebyggjande arbeid er svært viktig for å unngå eller utsette funksjonsfall og ytterlegare hjelpebehov. Tidleg innsats kan redusere tenestebehov på sikt, men det tar tid å få effekt og kan være utfordrande å måle effekten direkte. Dette er viktig å ta høgde for. Å arbeide i tråd med Innsatstrappa er viktig.

Dagens organisering gjer det krevjande å drifte omsorgstenestene særleg med tanke på å klare å ha nok kompetanse. I dag har me utfordringar med å skaffe same kompetanse på to lokasjonar.

Det er auke i antal tenestebrukarar som har behov for ein til ein bemanning, særleg innan demensomsorga. Fleire yngre demente utfordrar tenesta i form av krav om høgare ressurstetthet for å ivareta både pasient og pårørande.

Dagens krav om å ta imot pasientar frå sjukehuset så raskt som sjukehuset ønsker er til tider krevjande. Fleire skrivast ut med krevjande behandlingsopplegg og omfattande behov for tilsyn og helsehjelp. Nye SUS skal ikkje auke antal sengeplassar, og med betre samhandling med kommunane forventast det ein reduksjon i bruk av liggedøgn ved SUS med 8 prosent i 2035. Korttidsavdelinga med øyeblikkeleg hjelp seng driv meir og meir omfattande behandling av svært sjuke menneske. Nokre av desse behandlast kun i kommunen utan å vera innom spesialisthelsetenesta.

Kommunedirektøren vil koma tilbake til Kommunestyret med ei sak om organisering innan helse og omsorgstenestene for å kunna møta behovet framover, herunder antall einingar som driv med tenester døgnet rundt.

Helse:

Fastlegeordninga er ein viktig del av dei kommunale helsetenestene. Fastlegane er pliktig til å delta i legevakt både på dag- kvelds og helgetid. Kommunen har eit ansvar for at alle innbyggjarane har tilbod om fastlege, dette er ivaretatt i dag innan dei tre legeheimlane me har. Legevakt skal og hjelpe dei som oppheld seg i kommunen til ei kvar tid utan å ha fastlege her.

Ein ser ei auke av innbyggjarar med psykisk u-helse både blant barn, ungdom og vaksne. Nokre har alvorlege psykiatriske diagnosar som krev særskild kompetanse og tett oppfølging av fagpersonar ofte to til ein bemanning. Familiar som slit meir og treng hjelp noko me ser meir av.

Også innan helseeininga ser ein at kortare liggetid i spesialisthelsetenesta innan alle felt, barn, fysio, psykiatri og somatikk er utfordrande for kommunen både fagleg og ressursmessig.

Auka antal flyktningar med omfattande behov for helsehjelp er og noko ein merkar meir av i alle tenesta.

Nav og seksjon barn og familie:

Fare for meir utenforskap- auka sosial ulikheit gjer at behovet for dei sosiale tenestene i Nav aukar. Ein ser ei auke i antal flyktningar som etter introduksjonsprogrammet overførast til Nav utan at dei er i noko form for fast aktivitet. For å motvirke sterk auke i sosialhjelp er det avgjerande at flyktningar og andre som fell utafor får innpass i arbeidslivet.

Det bustadsosiale arbeidet må styrkast. Her vil Nav søke om midlar frå Statsforvaltaren. Bustadsosialt arbeid handlar både om å skaffe bustad til vanskelegstilte og å styrke den enkelte si moglegheit for å meiste bo forholdet. Det er viktig at dei kommunale bustadane prioriterast til dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden.

I barnevernet er det auka utfordringar knytt til tiltak i høve til ungdommar. Det er vanskeleg å skaffe rett tiltak til rett tid. Dette fører ofte til tiltak som er kostbare å følge opp.

Det viktig å ha eit godt tverrsektorielt samarbeid mellom Oppvekst og Helse slik at dei som jobbar tett opp mot barn og familiar kjem tidleg inn, og at me unngår omfattande og kostbare tiltak.

I tilrettelagde tenester ser ein ei auke i omsorgsstønad og barn med særskilte behov for hjelpetiltak som til dømes heildøgns bemanna avlastningsplassar i helger og feriar.


Satsingar for helse og omsorg:

- Rekruttere, behalde og utvikle tilsette
- Jobbe smartare ved å aktivt jobbe med oppgåvedeling
- Jobbe førebyggjande- Innsatstrappa
- Samarbeide med frivilligheita
- Ivareta og mobilisere pårørande
- Gje forsvarlege og riktige vedtak
- Ta i bruk e- helse og velferdsteknologi
- Sjå ressursane og nytte dei hos kvar enkelt brukar
- Utrede eit heildøgns omsorgssenter

Rammene innan Helse og Omsorg


Tal i tusen	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Helse og omsorg	2 671	6 329	3 022	-2 478	-6 478	-6 478
Hjelmeland omsorgssenter	32 578	33 095	33 401	33 401	33 401	33 401
Tilrettelagde tjenester	3 923	1 188	1 673	1 673	1 673	1 673
Årdal omsorgssenter	27 010	24 066	25 975	25 975	25 975	25 975
NAV	4 909	5 144	6 863	5 163	5 163	5 163
Barn og familie	11 039	11 176	13 175	10 975	10 975	10 975
Helse	20 081	23 215	25 867	25 867	25 867	25 867
Sum Helse og omsorg	102 212	104 213	109 977	100 577	96 577	96 577

Totalramma for Helse og omsorg og årsverk har økt relativt mye siden 2015




Dersom me ser på utvikling i årsverk innann sektoren så har det auke med 15 årsverk sidan 2015.


Dette visar og igjen på utvikling budsjett og rekneskap



Det er særskild omsorgssentra som er blitt styrka, men også andre tenester, med anna 3500 Helse, har fått auka budsjetta



Omsorgssentra beskriv ein situasjon med stadig meir pleietrengjande bebuarar. Dette har med teke omsyn til fleire gonger og styrka bemanninga. Dette gjeld særskild Årdal omsorgssenter kor me har langtids plassar. Siste oversyn for samanhengen mellom lplos (tal for pleietyngde) og årsverk gir oss eit bilete av at auka i pleietyngda har begynt å flata ut. Men det ligg på eit stabilt høgt tal.




Det er gitt innspel til auke/ behov for årsverk for 2025. Det vil me komme tilbake til. Det er tydeleg i framskrivingar at det vil verta auka behov innan helsesektoren, men med den auken i ressursar me allereie har innvilga dei seinare åra så ynskjer me ein ressursgjennomgang innan heile Helse og Omsorg for å kartleggja ka me kan gjera noko annleis.

Helsesektoren er nøyd å endra drifta, det vil vera mangle på personalressursar innan den sektoren om få år

Er det noko me må sleppa og krevja at innbyggjarane må ta eit større ansvar?
Dette gjeld hovudsakleg tenester i heimen.

Samanligna med andre kommunar er Hjelmeland den kommunen som har auka mest når det gjeld kostnader knytta til sjukeheim, utan at det er auka i tal bebuarar.



Grafen synar at Hjelmeland har eit stabilt høgt kostnadsnivå, medan andre kommunar har einskilde år som skile seg ut.

Me ynskjer å starta med ei utredning også i helsesektoren for å få eit godt grunnlag for å vurdera ei endring i organiseringa av tenestane.

Me set inn einskilde nye tiltak i 2025, og me vil vurdera fortlaufande.

Tiltak som er teke med

Ansvar	2 025	2 026	2 027	2 028	
NAV	1 700 000	0	0	0	Ut fra forbruk 2024, ligg vi an til totalt 3,2 mill i sosialhjelp i året, og det forventar vi held fram til neste år også. Det har blitt ei auke i sosialhjelp som ser ut til å vedvare pga flyktningar og dyrtid. Dette er lovpålagte tenester. Å jobbe godt med markedsarbeid og bistå dei ut i jobb og tiltak, og med økonomisk rådgjeving kan redusere behov for sosialhjelp, så det prioriterer vi høgt.
Barn og familie(Barnevern)	2 200 000	0	0	0	
					3400 Institusjonsplassering

Helse og omsorg ser ei urovekkande utvikling innan NAV og behov for økonomisk sosialhjelp. Barnevern si utfordring no er knytta til tiltak for enskilde brukarar,

Tiltak som det ikkje er funne rom for

Ansvar	2 025	2 026	2027	2028	Tiltaksnavn	Beskrivelse
HOS	640 000	640 000	640 000	640 000	3100 Stilling som husassistent / aktivtør	Ber om 100% stilling som husassistent/aktivtør for å avlaste pleiepersonell med diverse praktiske oppgaver samt ha mulighet til aktiviteter på omsorgsenteret. Dette vil bidra til at eldre i omsorgsbolig kan bu her lengre istedet for å institusjon.
ÅOS	800 000	-	0	0	3200 Legemiddelkabinett	Vi har et ønske om å installere legemiddelkabinett hos oss. Vi må automatisere alt vi kan. Vil føre til færre avvik ift legemiddelhåndtering. Bedre pasientsikkerhet. Full kontroll på lager. Mindre tid på medisinerrommet, bedre tidsbruk. Automatisk bestilling til apotek. Oppdatert narkotikaregnskap. Mindre svinn.
ÅOS	250 000	-	0	0	3200 Takheis	Ønsker å installere takheis på to beboerrom.

Også for Helse og omsorg meiner me at noko må dei tilstreba å finna rom for innan ramma.

Og me vil avventa større grep inntil me har ferdig ei utgreiing om omsorgssentra i framtia

5.3.4. Samfunn og Næring

Samfunn og næring dekkjer

1002 Næringsliv

1200 Kundesenter

1300 Plan, utvikling og forvaltning

5000 Kultur og fritid

6000 Bygg og anlegg

6003 Reinhald

Kommentarar frå kommunalsjef Samfunn og næring:

Satsing på reiseliv og marknadsføring av lokalmat har heldt fram med gjennomføring av sommarmarknader, sommarkafe, og Gladmatstand, i regi av innleigd reiselivsansvarleg, kundesenter og kulturavdeling. Konserten på kaien i Hjelmelandsvågen med m.a. Bjørn Eidsvåg i juli var suksess. Målsetjinga for 2025 er å halda fram dette arbeidet, men samtidig å redusera ressursbruken til kommunen. Det blir no m.a. jobba med å redusera kommunens rolle i planlegging og gjennomføring av deltaking på Gladmat.

Kulturavdelinga har i 2025 mellom anna planar om å fullføra restaurering av husmannsplassen på Fundingsland og halda fram sommarsatsinga med ferieaktivitetar for barn og unge, konsert i Vågen og kafé og utstillingar i Spinneriet. Eit prosjekt med fornying og oppgradering av turløyper i kommunen er også planlagt gjennomført i løpet av året.

Det har vore høgt fokus på arbeidet med realisering av bustadbyggingsstrategi og Vågen 360 prosjektet, i tillegg til slutføring av diverse eigedomssaker. Prosjektkonkurranse for bygging av leilegheiter i Hjelmelandsvågen er gjennomført, og målsetjing er å få starta bygging i første halvår 2025. Noko av midlane øyremerkte for å få sett i gang bygging av nye leilegheiter i kommunen har vorte brukt som garanti for kjøp av 1 leilegheit i Årdal Brygge, dersom det ikkje lykkast utbyggjar å selja leilegheita i marknaden. Det blir også jobba med ny struktur på bustadkontor, og ferdigstilling av Bustadsplanen.

Prosjektstillinga som Rådgevar Bustad og Næringsutvikling har vore besett i snart 1.5 år. Det har vore jobba med ei rekkje eigedomssaker, både gamle og nye, i tillegg til realisering av bustad strategi og næringsutvikling. M.a. har inngåing av revidert avtale med grunneigar, og kjøp av tomter på Eikehaugen kravd mykje arbeid. Det har også vore tett dialog med Nippon Gas om etablering på Viganeset, parallelt med kontakt med Lnett om legging av ny kraft linje. Rådgevaren i prosjektstillinga har også vore med i forhandlingar om næringsareal på Viganeset.

Samarbeidet med Rogaland fylkeskommune har bidrege til utarbeiding av prosjekt konkurranse om bygging av nye leilegheiter i Hjelmelandsvågen. Dette prosjektet og dessutan vidare realisering av områdeplanen vil krevja mykje oppfølging også framover. Det dukkar stadig opp nye eigedomssaker som må behandlast. I tillegg skal fleire kommunale leilegheiter leggjast ut for sal. Vidare blir det jobba med oversikt over alle festetomtene til kommunen.

Basert på ønskt framdrift i desse prosjekta meiner me det er nødvendig at prosjektstillinga blir omgjord til fast stilling frå og med 2025.

Strategi for sal av konsesjonskraft har så langt vore vellykka. Det har vorte inngått både fastpris og flytande marknadspris avtalar for 2024 og 2025. Dette gir høge inntekter for kommunen, men føreset oppfølging og marknadsfokus.

Innan Plan og Forvaltning er det jobba mykje med ny planstrategi og revisjon av kommuneplanen. Dette arbeidet er ihht. tidsplan. Gjeldande reguleringsplan for nytt næringsareal på Viganeset gjekk ut i mai 2024. Arbeidet med igangsetjing av ny reguleringsplan er vedteken. Det har førebels ikkje lykkast å inngå minneleg avtale med grunneigarar.

Innan Bygg og Anlegg er det tilsett ny leiar frå og med august 2024. Det er utarbeidd ein tilstandsrapport på dei største kommunale byggane. Denne viser eit stort etterslep av naudsynt vedlikehald, og det blir no laga ein vedlikehaldsplan for alle bygg.

I arbeidet med vedlikehaldsplanen blir det gjort vurderingar og prioriteringar innan økonomi, helse, miljø og tryggleik, og dessutan vurderingar på berekraftige løysingar.

Arbeidet startar opp i desember 2024.

Det arbeides på fleire områder for å redusera straumutgifter i alle bygg.

Ved den nye modulskulen blir det sett opp eit uvêrs paviljong for elevane. Bygget vil bli sett opp i miljøvennlege og berekraftige materiale.

Oppgradering og vedlikehald av eksisterande byggmasse vil ha stort fokus i 2025.

